



Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	22.04.2026	027/26

Saksbehandlar:	Arkivsak - dok.nr	26/303 - 4
Guro Sesilie Drivenes Sæbø	Journalpostnr.	26/12853

Detaljreguleringsplan for Eidetorget PlanID: 46182026001

Oppstart av reguleringsplanarbeid

Vedlegg
Vedlegg 1 Referat oppstartsmøte av reguleringsplanarbeid Eidetorget PlanID 46182026001
Gnr. 53, Bnr. 273 – Tinging av oppstartsmøte for reguleringsplan
Brev oppstartsmøte
forslag_planavgrensing
Kommunens forslag til planavgrensing
d1_situasjonsplan
oversikt_prosjekt_oppstartsmøte

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan og bygningslova §12-8

Tilråding frå rådmannen:

I tråd med plan- og bygningsloven §12-8 vedtar utval for samfunn plan og næring oppstart av reguleringsplanarbeidet for Detaljreguleringsplan for Eidetorget PlanID: 46182026001.

Utval for samfunn, plan og næring 22.04.2026

Habilitet:

Elin Eide Brattabø (H) stilte spørsmål ved eigen habilitet, då ho har to søsken som sit i styret for Eidetorget AS som styreleder og styremedlem.

John Opdal (H) var innkalla som varamedlem.

Elin Eide Brattabø (H) vart samrøystes røysta inhabil jfr. forvaltningslova 6b

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

USPN – 027/26 Vedtak

I tråd med plan- og bygningsloven §12–8 vedtar utval for samfunn plan og næring oppstart av reguleringsplanarbeidet for Detaljreguleringsplan for Eidetorget PlanID: 46182026001.

Saksopplysningar:

Eidetorget AS tinga i slutten av januar oppstartsmøte for detaljreguleringsplan for Eidetorget i samband med ombygging av Eidesmoen 74 gbnr. 53/273. Oppstartsmøtet vart gjennomført 24. mars. Ombygginga går ut på å bygge om dei gamle næringslokala i første etasje, som tidlegare husa bl.a. Eideskiosken, til fire nye leiligheter, og pusse opp dei seks leilighetene i andre etasje. Gjeldande reguleringsplan for området er planID: 12281969001 reguleringsplan for Eidesmoen frå 1969.

Kommunen ser det som hensiktsmessig å vere med i arbeidet av reguleringsplanen slik at ein kan utvide planavgrensinga og sjå på eit større område, då problemstillingane ikkje er begrensa til Eidetorget aleine. Ved at kommunen sjølv går inn i planarbeidet får vi rydda opp i eldre, utdaterte planar, og med det gi større delar av Eide eit løft. Planarbeidet vil vere eit samarbeid mellom planavdelinga i kommunen og Eidetorget AS.

Målet med planen å legge til rette for fortetting med bustadar i området og leggje betre til rette for parkering for bebuarar, samt forbetre torget og grøntareala i området. Kommunen ønskjer sjølv å utarbeide planen.

Planen er vurdert til å ikkje krevje konsekvensutgreiing og planprogram då området som blir regulert til bustad er under 15 dekar.

Vurdering:

Rådmannen tilrår å gå vidare med reguleringsplanarbeidet for Eidetorget PlanID: 46182026001, då det vil vere eit viktig steg for eit større områdeløft for Eide. Eidetorget er eit godt utgangspunkt for fortetting med bustadar då det allereie er bebygd areal med stort potensiale. Dei gjeldande reguleringsplanane for området er av eldre dato og det er eit behov for opprydning og oppdatering av planane i området.

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for drift.

b. Investeringskostnader

Oppstart av planen vil ikkje ha kostnadar, men det kan vere behov for eksterne rapportar.

c. Finansiering

Kommunal finansiering vil skje gjennom planstrategien, og det skal avtalast ei kostnadsfordeling mellom kommunen og Eidetorget AS.

Samandrag konklusjon:

For å legge til rette for bustadbygging på Eide er det anbefalt å gå vidare med reguleringsplanarbeidet for Eidetorget. Planane for området er av eldre dato og er til dels utdatert i forhold til dagens bruk. Ny reguleringsplan for Eidetorget vil leggje grunnlaget for eit større områdeløft for Eide. Planen treng ikkje konsekvensutgreiing og planprogram.